



Å vere lærebedrift er nytt og spennande. Lærlingen er no litt over halvvegs i læretida, og skal ta fagprøve i barne- og ungdomsarbeidarfaget i juni 2018. Lærlingen arbeider både i Førde Kyrkje, Nausdal Kyrkje og Solvang Barnehage, og har ulike arbeidsoppgåver innanfor arbeid med 0-18 År.

Kompetansemåla for barne- og ungdomsarbeidarfaget styrer kva arbeidsoppgåver lærlingen skal ha, men det meste av arbeidet i kyrkjelydane innanfor 0-18 år, kan knyttast til eit eller fleire kompetansemål. Lærlingen har ein fagleg leiar som er ansvarleg for at arbeidsoppgåvene ligg innanfor kompetansemåla og gjennomfører ein vurderingssamtale i kvart semester. Til alle arbeidsoppgåvene skal lærlingen ha ein instruktør. Instruktøren kan variere frå aktivitet til aktivitet. Fagleg leiar kan også vere instruktør. Instruktøren si oppgåve er å rettleie lærlingen før, under og etter gjennomføring av ein aktivitet/arbeidsoppgåver. Etter kvart får lærlingen meir og meir ansvar, og jobbar meir og meir sjølvstendig.

Vi har gode erfaringar med å ha lærling, men ser at det er nokre av kompetansemåla som er litt utfordrande å få dekkja, då vi ikkje har aktivitetar vi kan knytte direkte til desse måla. Ei løysing på dette er at lærlingen kan jobbe teoretisk med desse kompetansemåla. Samarbeid med barnehage er viktig, for å få dekkja ein del kompetansemål. Fagprøva skal også gjennomførast i barnehagen, då vi ikkje har funne nokon god måte å gjennomføre den på i kyrkjelydane. Arbeidet i kyrkjelyden avheng av at folk melder seg på aktivitet, og vi kan ikkje legge opp til fagprøve på ein aktivitet og så er det så få som melder seg på at aktiviteten vert avlyst.

Annika er første lærlingen vi har, og Kyrkjerådet har tildelt prosjektmiddel. Det vil bli utarbeidd ein erfaringsrapport når læretida til Annika er over, til sommaren 2018.



Trusopp-læringsi  
Førde, Holsen og Haukedalen



**DEN NORSKE KYRKJA**

Førde Kyrkjekontor  
Kyrkjevegen 23f, 6809 Førde  
Tlf 57 82 81 80  
[www.fordekyrkje.no](http://www.fordekyrkje.no)

## “UNG JOBB”

- Tilsefjing av ungdommar i kyrkja
- Kyrkja som lærebedrift



Foto: Lars Håberg